
Saknr: 2020/36319-7
Saksbehandlar Carl Erik Nielsen
Dato: 13.02.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål fra Synnøve Solbakken, AP- vedrørende og vegskilt ved E134/ fv. 48 til ferje Utåker/ Kvinnherad.

I Fylkestinget i desember 2018, stilte Ap sin fylkestingsrepresentant Synnøve Solbakken følgjande spørsmål:

Fylkestinget desember 2018:

Gjeld overtaking av Stordalsprosjektet på E134 i Etne kommune og vegskilt ved E134/ fv. 48 til ferje Utåker/ Kvinnherad.

Er kjend med at Etne kommune har vert i møte med Statens vegvesen om overtaking av deler av gamle E134. I nemnde møte blei det informert om at Stordalsprosjektet som opna for 3 år sidan enno ikkje er overteke av vegvesnet, dermed blir ikkje skiltplanen realisert som tidligare vedteke.

Det er uforståeleg at ein fylkesveg mot eit fylkeskommunalt trafikknutepunkt med ferjesamband og snøggått ikkje skal vera skilta 3 år etter vegkrysset står ferdig, kun eit lite skilt viser Skånevik.

Undertegna spør om å få på plass:

Skilt til Skånevik
Ferjeskilt som viser Husnes (evt.Utåker/ Matre)
Skilt med snøggått
Skilt til Skånevik Fjordhotell

Dette er i samsvar med tidligare skilting i det gamle vegkrysset.

Det er viktig at dei vegfarande får informasjon om avstandar og ulike trafikknutepunkt i kommunar og langs fylkeskommunale vegar.

For næringsliv og reisande i Etne og Kvinnherad kommune er det fare for at manglande skilting reduserer bruken av dette viktige ferjesambandet

Svaret var, at skilting skulle vera på plass etter naudsynt prosess. Dette var kommunisert med Statens Vegvesen.

No, pr februar 2020, har ingenting skjedd. Næringslivet etterlyser realisering.

Spørsmål:

Når vil den nemnde skiltinga vera på plass?

Svar :

Statens vegvesen vedtok reviderte skiltplanar for Stordals-prosjektet den 02.12.2019. Før vedtaket var planane på formell høyring til kommunen og politiet. Det vart også sendt på høyring til Skånevik Fjordhotell, sidan skilt til dei også var del av planen. Planane omfattar mellom anna nye visningsskilt til Husnes med ferjesymbol, og visning til Skånevik fjordhotell.

Eit av skiltoppsetta i det nye krysset vil etter planen sjå slik ut:



Skiltplanane vart oversendt til utføring hjå driftseininga i Statens vegvesen den 27. november 2019. Kort tid etter vart bestillinga stadfeste hjå driftsrentreprenøren. Statens vegvesen sin byggeleiar opplyser pr telefon i dag at det har vore forseinking i leveransane frå skiltfabrikken, og at entreprenøren no har lovd skilta på plass i løpet av 2-3 veker.

Når det gjeld sjølve innhaldet på skilta er det Statens vegvesen som er skiltmynde både på riksveg og på fylkesveg. Statens vegvesen har gjort greie for dette i eit svar til ein tildlegare førespurnad om same sak.